



# Pressemelding

---

Bergen, 29. februar 2011

## Ny museumsplan på høyring

Framlegget til regional museumsplan for 2011-2015, "Musea i samfunnet", vart handsama av fylkesutvalet i Hordaland 24. februar. Utvalet fatta samrøystes vedtak om å sende framlegget på ei brei høyring til offentlege partar i stat og kommunar, til musea og til ålmenta. Etter fylkesutvalet sitt syn gav framlegget eit balansert bilete både av stoda i dag og av utfordringane for museumsfeltet i planperioden.

Fylkesordføraren har no sendt ut høyringsbrev med svarfrist 15. april.

Planen skal samordne staten, fylkeskommunen og kommunane si verksemd i fylket innanfor museumsfeltet. Planen løyser av fylkesdelplan for museum 2003-2008.

- Førre plan var ei klargjering av den nasjonale museumsreforma, og var i hovudsak retta mot naudsynnte organisatoriske endringar. Den raude tråden i den nye planen er å gjera musea sitt samfunnsoppdrag tydelegare, fortel fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd, som er sakshandsamar for den regionale museumsplanen.

Framlegget til museumsplan har følgjande hovudmålsetjing:

*Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar, og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.*

- Det er no viktig at musea, kommunane og ålmenta kjem med grunngjeve synspunkt på framlegget til plan, seier fylkeskonservatoren.

Framlegget til museumsplan ligg på fylkeskommunen si heimeside: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Nytt-fra-kulturminnevern-og-museum/>

For meir informasjon, kontakt

Berit W. Eldøy (H), saksordførar, tlf. 913 54 511

Anna Elisa Tryti, fylkeskultursjef, tlf. 918 07 302

Per Morten Ekerhovd, fylkeskonservator, tlf. 957 60 481